

Retningslinjer for bruk og tildeling av kulturmidlar i Sør-Fron

1. Vilkår for å få tilskot

- a. Kulturmidlar kan bli delt ut til lag/organisasjonar/institusjonar **og** kulturtiltak som arbeider heilt eller delvis innafor kulturområdet.
- b. Det blir berre gjeve tilskot til tiltak som søkjaren sjølv står for gjennomføring av. Det kan i særskilte tilfelle bli gjort unntak, dersom det gjeld tiltak som barn og unge frå Sør-Fron deltek på.
- c. Politiske organisasjonar får ikkje tilskot til den politiske delen av verksemda. Unntak kan bli gjort når det gjeld politiske ungdomsorganisasjonar.
- d. For å få tilskot bør søkjaren høyre heime i Sør-Fron, drive verksemd i Sør-Fron eller ha medlemmar i Sør-Fron.

2. Fordeling av midlane ved hovudtildeling

Fordeling av midlane blir gjort etter skjønn, der det blir lagt vekt på følgjande moment:

- a. Medlemstal (særleg vekt på aktive medlemmar)
- b. Aktivitetsnivå
- c. Økonomi/rekneskapstal
- d. Kva slags aktivitet
- e. Medlemstype (ungdom, eldre, menneske med nedsett funksjonsevne etc)

3. Krav til søknaden

Som vedlegg til søknaden skal det liggje ved rekneskap frå året før. Dessutan bør søkjaren leggje ved budsjett for det året søknaden gjeld. I samband med oppgjeving av medlemstal, kan søkjaren bli avkrevd medlemslister med namn og alder på medlemmane.

For søknader under ordninga «Kulturarbeid og arrangement» skal det liggje ved budsjett for tiltaket, samt finansieringsplan og prosjektplan. Dersom det er eit gjentakande tiltak, skal rekneskap frå året før ligge ved.

Manglar dei vedlegga som det blir stilt krav om, og manglar det vesentlege opplysningar elles i søknaden, kan administrasjonen avslå søknaden eller redusere forventa beløp med dette som grunn.

4. Utlysing og søknad

Tilskotsordning og søknadsfrist skal bli gjort kjent gjennom utlysing i lokalavisene, eller på andre måtar, minst tre veker før søknadsfristen er ute. Søknadsfristen skal vera 15. mars. Søknadsfristen må haldast.

For ordninga «Kulturarbeid og arrangement» er det løpande søknadsfrist, men det er forventa at søknaden er sendt administrasjonen seinast to månader før tiltaket skal gjennomførast.

5. Utbetaling

Tilskotsbeløpet skal bli betalt ut snarast råd etter at beløpet er løyvd. Pengane blir betalt ut til bankkonto som søkjar skal opplyse om saman med søknad.

6. Disponering av kulturmidlane

- a. Formannskapet disponerer postane for kulturmidlar. Dei har høve til å støtte ymse kulturtiltak gjennom desse postane heile året. Sjå punkt c.
- b. Hovudtildeling skal gå føre seg ein gong i året.
- c. Ein bør halde attende minst 5% av samla sum etter at hovudtildeling er gjort. Desse har ein da til bruk resten av året, under tildelingsposten kulturarbeid og -arrangement.
- d. Administrasjonen har delegert fullmakt til å gjera vedtak i kurante enkelttilskotssaker ved tilskotsbeløp inntil 10 000 kroner.